



Hordabø Idrettslag  
Radøyvegen 2795  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar: Ref.:AVUQDM-  
Skjemanr.:208  
Vår: 14/180 - 14/12096

Saksbehandlar:  
Lin Tove Thomassen  
lin.tove.thomassen@radoy.kommune.no

Dato:  
06.11.2014

## Svar på søknad om skjenkeløyve - ope arrangement i Hordabøhallen

Viser til dykkar søknad om skjenkeløyve datert 29.10.14. Hordabø idrettslag skal arrangere konsert med Gunslinger og Lothepus laurdag 15. november og det er søkt om skjenking for alkoholhaldig drikk under 22 % frå kl 20.00 – 02 00. Konserten har aldersgrense 18 år. Dei skal setje opp telt og gjerde inn eit skjenkeområde. Søknaden er sendt til uttale hjå NAV Radøy og Nordhordland lensmannskontor. Dei har ingen merknader til søknaden.

Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 4-4 og 4-5 og kommunestyret si delegering av mynde til rådmannen, vert det gjeve skjenkeløyve for einskildhøve for alkoholhaldig drikk **under 22% frå kl.20.00 til kl.02.00** i samband med konsert i Hordabøhallen laurdag 15. nov 2014. Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halv time etter at skjenketida er slutt..

Ansvarleg for løyvet er **Frode Myking**, Bøtjørnvegen 90, 5037 Bøvågen, f. 18.06.1974, med **Bjørn Ove Myking** som stadfortredar.

Område for skjenking er i dette løyve avgrensa til inne i hallen og til det uteareal som er skissert på vedlagte kart. Viser elles til "*Lov om vern mot tobakksskader*" med forskrift (Røykelova).

Radøy kommune føreset at naudsynt løyve frå politiet ligg føre. Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde

Kommunen sine alkoholkontrollørar kan koma på besøk for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.

For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast minsteavgift på kr 3 500. Løyvehavar pliktar å senda inn oppgjersskjema for omsett alkohol.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt leiar kultur- og sørvistorget Lin Tove Thomassen.

Med helsing

Lin Tove Thomassen  
leiar kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
kart - skjenkeområde

**Kopi til:**  
Løn og rekneskap  
Alkoholkontrollen i Nordhordland  
og Gulen

**Mottakarar:**  
Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2795 5937

BØVÅGEN